

## Referat frå møte i Trafikksikringsutvalet

**Tid:** Tysdag 31. mai, kl. 10:00 – 11:30

**Stad:** Formannskapssalen i Midtgard

**Til stades:** Bjarne Eiolf Holø (BEH), Terje Hoel (TH), Herdis Kvamme Repp (HKR), Bjørn Bakke (BB), Trine Solberg Johansen (TSJ)

**Forfall:** Albert Lunde (AL)

**Møtleiar:** Ordførar Bjarne Eiolf Holø

### Møteagenda:

1. Referat frå møtet 26.april
2. Trafikksikringsplan – oppdateringar og endringar
3. Eventuelt

Nr	Sak	Ansvarleg
<b>1</b>	Referat frå førre møte vart gjennomgått.	<b>BEH</b>
<b>2</b>	Det skal opprettast ei eigen mappe for arbeid med trafikksikringsplan på fellesområde.	<b>TSJ</b>
	Rettleiaren "Trafikksikker kommune" skal brukas som mal, men må vera i word-format. Må difor kontakte FTU for å høyre om det er mogleg å få rettleiaren på dette formatet.	<b>TSJ</b>
	Utvalet legg inn det dei skriv om dei ulike tenesteområda i «malen» på fellesområde.	<b>ALLE</b>
<b>3</b>	Synfaringa til Garmo på slutten av dagen (12.mai) med FTU vart gjennomgått.	<b>BEH</b>
	Det skal takast inn eit handlingspunkt om trafikksikringa på Garmo i trafikksikringsplanen, for å få gjennomført framtidige tiltak.	
	Utvalet vart einige om at trafikksikringsplanen skal vera ein temaplan, og ikkje ein kommunedelplan. Framtidig kan planen gjerast om til ein delplan.	
	Det er ynskjeleg å få FTU-representantar til kommunen for å informere leiarar og politikarar om prosessen for å bli ein trafikksikker kommune. Forslag om møte 15.september når det skal vera dialogmøte angående MTN.	<b>TSJ/BEH</b>